



Kjære
alle tilsette

- Eg vil byrje med å takke kvar og ein for den jobben de har gjort i 2024. Eg veit at det for mange har vore eit krevjande år med stramme økonomiske rammer, og eg veit de har strekt dykk langt for å løyse dei oppgåvene de har i Stad kommune.

Å arbeide i ein politisk styrt organisasjon er gjerne ei utfordring som er vanskeleg å forstå utanfrå. Det gir ein tryggleik for stillingsvern og prosessar, men det fører også til at arbeidsplassen din vert drøfta i politiske møte og media, utan at du som tilsett kanskje opplever å verte spurt – og utan å kunne ta del i debatten om din eigen arbeidsplass. Det er krevjande.

I budsjettvedtaket for 2025, som blei gjort av kommunestyret 13. desember, ligg det føringar for korleis vi skal jobbe det neste året, men også for korleis vi må forme kommunen på sikt for å nytte kvar enkelt sin kompetanse på beste måte, og for å kunne levere berekraftige tenester til innbygarane våre.

2025 vil bli eit år med omstilling, med krevjande prosessar og med fleire ukjende faktorar. Det veit eg kan opplevast vanskeleg for mange, og det er derfor svært viktig for meg å formidle at omstillingar og prosessane knytt til desse alltid skal følgje lov- og avtaleverk for å trygge dykk som tilsette, og at tillitsvalde og verneombod skal vere med i prosessane.

Eg håpar óg at de klarar å sjå på endring som ei utfordring til å nytte fagkunnskap og erfaring til å skape dei beste moglegheitene for innbygarane våre innanfor rammene vi har til rådvelde – og at vi gjennom gjensidig tillit og felles verdier saman kan få til gode løysingar til det beste for fellesskapen i Stad kommune.

Ordførar Judith Kvåle

Stad kommune / 19. des. 2024

Info om budsjettvedtak og oppstart av omstillingsprogram

Stad kommunestyre vedtok 13. desember 2024 budsjettet for 2025 og økonomiplanen for perioden 2025 – 2028. Heile saka finn du på Stad kommune si heimeside under "Politiske møte og saker" og kommunestyremøte 13. desember, [sak KS-24/172](#).

Stad kommune sin økonomiplan er, som varsla og forventta, vedteken i ubalanse. Det vert føreslått å nytte kommunen sine oppsparte midlar (fond) til å skape balanse mellom inntekter og utgifter dei neste 1 ½ åra. Etter den tid vil kommunen vere tom for oppsparte midlar, og vi vil frå 2026 og ut 2028 ikkje ha midlar til å oppretthalde kommunen sitt driftsnivå. Stad kommunestyre har gjennom hausten 2024 diskutert korleis ein skal gripe an den krevjande økonomiske situasjonen, og korleis ein skal arbeide for å få ein økonomiplan der utgiftene til drift står i forhold til kommunen sine inntekter. Dei overordna føringane for vidare arbeid går fram av kommunestyret sitt vedtak, og då særleg vedtakets punkt 9;

"Stad kommunestyre ber om at kommunedirektøren startar opp endrings- og omstillingsprogrammet «Berekraftig økonomi 2025-2028» i tråd med dei opplysningane som går fram av saksutgreiinga her. Stad kommunestyre vil fastsetje rammer og innhald for programmet snarast råd, og ber om at kommunedirektøren førebur eit mandat og ei programskitse for innhald og organisering. Kommunedirektøren må som ein del av dette, førebu ein heilskapleg gjennomgang av strukturane i heile Stad kommune. Dette femnar m.a. om sentraladministrasjonen, kultur og samfunn, helse og omsorg og oppvekst. Kommunedirektøren må også førebu arbeidet med ny eigarskapsstrategi inkludert gjennomgang av formål og struktur i Stad energi- og eigeidsutvikling."

Oppdraget frå kommunestyret er at vi skal sjå på organisering og drift av heile Stad kommune. Kommunedirektøren held i desse dagar på å utforme eit dokument som skal vise korleis organisasjonen kan arbeide framover for å gjennomføre omstillingsprogrammet «Program for berekraftig økonomi 2025-2028» (PBØ 25-28) for å få ein økonomiplan i balanse samtidig som vi sikrar og skapar ei forsvarleg og effektiv tenesteyting og eit sosialt og miljømessig berekraftig samfunn.

Forslaget vert presentert i januar 2025, etter denne møteplanen:

9. januar : HTV/HVO møte

13. januar: Rådsmøte

14. og 15. januar: Utvalsmøte (planutval, samfunnsutval, tenesteutval)

16. januar: Formannskapsmøte

23. januar: Kommunestyrevedtak, vedtak om oppstart og prioritering av prosjekt

Forts. s. 2

Framdriftsplanen over betyr at vi den 23. januar 2025 vil få svar på korleis vi skal arbeide framover og kva for omstillingsprosjekt vi skal prioritere i 2025.

Ordførar Judith Kvåle formidlar i si helsing at året vi går inn i vil bli eit år med mange omstillingar og krevjande prosessar. - Men at vi saman, gjennom gjensidig tillit og våre felles verdiar kan få til gode løysingar til det beste for fellesskapen i Stad kommune. Eg sluttar meg til ordførar sine ord. Vi er no der at vi treng ein felles samla innsats i heile organisasjonen, og i lokalsamfunnet, for å løyse oppgåvene som no står føre oss.

Som kommunedirektør er eg klar til å ta fatt på oppgåvene, i samarbeid med de som tilsette og kommunestyret som vår øvste styringsmynde.

Eg vil avslutte med å takke alle tilsette for arbeidsinnsatsen som er lagt ned i året som snart ligg bak oss, og ønskjer at alle finn julero i høgtida vi går inn i.



Kristine Dahl
Kommunedirektør
Stad kommune